

## SKAM ELLER FRIGJERING?

### Fastegudsteneste i Vikøy kyrkje 03.03.21

#### **Matt 19,16-26: Jesus og den rike unge mannen**

<sup>16</sup> Då kom det ein mann til han og spurde: «Meister, kva godt skal eg gjera så eg kan få evig liv?» <sup>17</sup> Jesus svara: «Kvifor spør du meg om det gode? Éin er den gode. Men vil du gå inn til livet, så hald boda!» <sup>18</sup> «Kva for boda?» spurde mannen. Jesus svara: « *Du skal ikkje slå i hel, du skal ikkje bryta ekteskapet, du skal ikkje stela, du skal ikkje vitna falskt,* <sup>19</sup> *du skal æra far din og mor di, og du skal elska nesten din som deg sjølv.*» <sup>20</sup> «Alt dette har eg halde», svara den unge mannen. «Kva står då att?» <sup>21</sup> Jesus sa til han: «Vil du vera heilhjarta, så gå bort og sel det du eig, og gjev det til dei fattige. Då skal du få ein skatt i himmelen. Kom så og følg meg!» <sup>22</sup> Men då den unge mannen hørde det, gjekk han sorgtung bort, for han eigde mykje.

<sup>23</sup> Då sa Jesus til læresveinane: «Sanneleg, eg seier dykk: Det er vanskeleg for ein som er rik, å koma inn i himmelriket. <sup>24</sup> Ja, eg seier dykk: Det er lettare for ein kamel å gå gjennom eit nålauge enn for ein rik å koma inn i Guds rike.» <sup>25</sup> Då læresveinane hørde det, vart dei heilt forstøkte og sa: «Kven kan då bli frelst?» <sup>26</sup> Jesus såg på dei og sa: «For menneske er det umogleg; men for Gud er alt mogleg.»

Vi er gjerne ikkje unge, ikkje rike ( i eigne auge i alle høve) og dei fleste av oss er ikkje menn heller. Men likevel er den unge, rike mannen ein av oss. Rett nok er det å ta litt for hardt i å seie at vi har halde boda frå vi var unge, men eit rimeleg anstendig liv, kan vi gjerne vise til. Og det skal vi vere glade for. Vi merkar Jesu sympati for denne unge mannen, og det kan vi godt skjønne. For her møter han ein som verkeleg tar både livet og Gud på alvor, ja, som også søker Jesus for å kome vidare på vegen mot Gud. Eit anstendig, Guds-søkjande liv er all ære verd. Ja, meir enn det: Jesus såg på han og fekk han kjær, står det.

Men Jesus såg også noko anna. Han såg noko som denne mannen ikkje ville gje slepp på. Noko som han klamra seg til. Som han ikkje ville overlata til Gud. Ja, noko som gjorde at han ikkje kunne vere heilhjarta, som Jesus sjølv uttrykkjer det. Og det ser han også hos oss.

For denne mannen handla det fyrst og fremst om pengar og eigedom. Kor freistande det er å halde fast på det ein har, veit også vi noko om. Det merkar vi mest kvar gong vi vert utfordra til å dele og gje, slik som vi særleg vert kalla til no i fastetida. Men vi kjenner også korleis vi kan klamre oss til det som ikkje er så handfast, som vanar eller personlegdomstrekk, som

ikkje høyrer heime i eit liv med Gud. Og vi veit noko om korleis dette øydelegg både for vårt forhold til andre og til oss sjølvve også. Men som vi likevel på ein merkeleg måte grip til igjen og igjen, med eit grep som er styrt av noko som ligg enda djupare enn viljen.

Vi vil gjerne bli kvitt det, men samstundes klarer vi ikkje å gje slepp på det. Dermed er det freistande å slå seg til tols med at dette er noko som eg berre må leve med, ja, jamvel forsone meg med. Men det tyder jo i klartekst at vi resignerer i møte med det vonde, ja, overgjev oss til dei vonde kreftene i oss. Med dei følgjene det får både for oss sjølvve og for andre.

Men sjølv når vi på eit vis forsonar oss med dette vonde som er blitt meir eller mindre ein del av vår eigen personlegdom, så unngår vi ikkje skamma. Ja, det er blitt ein slags folkesjukdom å rundt med eit slags uklar skam og nederlagskjensle, som set seg og gjer si vonde gjerning både i kropp og sinn.

Den monologiske anger har truande menneske med innsyn i både sjel og sinn kalla dette. Den monologiske anger, - den angeren som berre er retta mot ein sjølv. Ja, som har meg sjølv som både avsendar og mottakar, og som eg difor ikkje får lagt frå meg. Og så vert angeren til skam. Skamma som bind og som aldri frigjer.

Om det var resignasjonen eller skamma som la seg som ein skugge over andletet til denne mannen så han gjekk sorgtung bort, er ikkje godt å vite. Men anten det var det eine eller det andre, førte det neppe til noko endring for han. Fordi det førte han bort frå Jesus og ut i ei verd der han var overlaten til seg sjølv. Ja, til ein einsam kamp med seg sjølv. Ein kamp som han synest alt no å sjå det triste utfallet av, nedtrykt og mismodig som han er.

Det mismotet har vi kjent på nokon kvar, når vi gjekk vekk frå Jesus etter at han hadde avslørt oss som halvhjarta i vårt gudsforhold,- resignerte og skamfulle, i vår monologiske anger,- den angeren som berre krøkjer oss inn i oss sjølvve, slik at vi vert stadig meir skamfull, ja, sturne, eller beint fram deprimerte. Han gjekk «sturen» bort, stod det om den rike, unge mannen i den gamle bibelomsetjinga. I dag har vi lært av både psykologane og av eiga røynsle, korleis skamma over sjølvve kan føre til at vi vert sturne eller deprimerte.

Men i kveld vert vi minna om at der er ein anna veg å gå for oss halvhjarta, enn til den innkrøkte resignasjonen og skamma. Jesus innbyd oss til å kome til seg, slik at Gud kan få gjere det som er umogeleg for menneske: Å lyfta av oss skulda. Slik at ho ikkje får gjere si

gjerning som passiviserande resignasjon eller som bindande skam. Men føre til frigjering, ja., til eit nærare fellesskap med Gud.

Når Gud gjennom sjølvprøvinga i dag minner oss om det som står han i mot i oss, ja, kor halvhjarta vårt forhold til han, så er det for å føre oss inn i den dialogiske angeren, angeren som er retta mot han. Det er den angeren som spring ut av det innsyn Heilaganden gjev oss i at dette vonde som sit så hard i oss, er ikkje fyrst og fremst teikn på ein svak personlegdom, men synd. Synd mot Gud. Difor fører ikkje denne angeren oss inn i skamma, men inn i vedkjenninga. Dette er den gode, dialogiske angeren. Angeren som er retta mot Gud og ikkje oss sjølve. Og som difor ikkje fører til skam og resignasjon, men til frigjering og frimod. Fordi han leier oss til Kristus.

Ja, dette er den angeren som ikkje legg seg som ein skugge over eit andlet som er vend bort frå Jesus. Men som opnar eit Jesus-vend andlet. Ja, opnar mitt og ditt andlet til å sjå Jesus i augene og seie: ”Du ser korleis det er med meg. Eg veit korleis dette sårar deg. Men eg vinn ikkje med det sjølv. Eg kjem til deg, og vil leggje det frå meg her hos deg. Ja, be deg om å ta det inn i din nåde og di tilgjeving.”

Då, og fyrst då, kan Gud få gjere si gode gjerning, som er umogeleg for menneske, men mogeleg for Gud: Fri oss frå skamma og resignasjonen og ta oss inn i frigjeringa og frimotet hos seg. Gud til ære, medmenneske til gagn og oss til glede.